

REFERAT FFKF SAMLING SOGN OG FJORDANE 1 OG 2 NOVEMBER 2011.

Representerte kommunar; Førde, Gloppen, Luster, Jølster, Balestrand, Stryn, Bremanger, Sogndal, Leikanger og Flora.

Hege Karin Johnson Prosjektleder NHO Sogn og Fjordane

www.nho.no/globalfuture

Leder for prosjektet Global Future i Sogn og Fjordane og Hordaland. Ho summerte opp korleis prosjektet hadde gått i Sogn og Fjordane. Litt om bakgrunnen for prosjektet og kven som hadde vore med og finasiert prosjektet. Det var ikkje avgjort om prosjektet skulle vidareførast.

Jorunn Tolo Ness oppsummerte kva som har vore jobba med i FFKF sentralt sidan siste samling.

Status i kommunane

Dei fleste kommunane var godt i gang med årets busetting. Gjennomgåande og felles utfordring for dei fleste er boligproblematikken. Dei fleste har ferre boligar enn behovet og at boligane ikkje vert nytta som gjennomgangsboligar, men heller bolig over tid.

Dei fleste kommunane har også auke i innvilga familiegjenforeningar, slik at totalt busette er høgare enn tidlegare.

Gjennomgangen viser også at kommunane er svært variert organisert og har stor variasjon i antall årsverk som arbeider med busetting / kvalifisering.

Ole Magnar Stein Rektornettverket

Informerte om Vidare- og etterutdanninga

” Vaksenpedagogikk, norsk språk og samfunnsfag- opplæring til minritetsspråklege unge og vaksne ” som skal starte opp ved Høgskulen i Sogn og Fjordane som deltidsstudie over 4 semester og gir 30 studiepoeng.

IMDI representert ved Kristin Bach Skaset og Jens Erik Romslo

- Vedlagt powerpointpresentasjon FFKF Fylkessamling 02.11.2011;
- - Status 2011 for Imdi Vest
 - Anmodningar for 2012
 - Tilskudd ved bosetting av personer med alvorlige, kjente funksjonshemminger og / eller adferdsvansker
 - Endring av rutinene for bosetting i IMDI Vest

- Vedlagt powerpointpresentasjon "Analyse av resultatoppnåelse i introduksjonsordningen" Rambøllrapporten

Vedlagt powerpointpresentasjon NIR og vedtatte endringer i Introduksjonsloven fra 01.07.2011

Åpen diskusjon og problemstillingar som spelast inn til FFKF sentralt.

Sosialhjelp / Livsopphald

Personar som ventar på inntak i Introduksjonsprogram , som ventar på barnehageplass, Ikkje har tilstrekkeleg økonomi, får innvilga tannbehandling etc i kor stor grad påvirkar dette dei ved framtidig søknad om familiegjenforening ?

Tilskudd / Introprogram

Familiegjenforente til statsløse som har fått innvilga norsk statsborgerskap etter tre år i Norge og deira rett (eller manglande rett til Intro) Andre beheld retten til Introprogram dersom søknad om familiegjenforening er levert innen fem år etter bosetting.

Etter endring og bruk av nye typar vedtak ser vi at fleire får innvilga familiegjenforening innen kort tid. Dette vil sannsynlegvis påvirke busettingsvedtaka til kommunane etter kvart.

Manglande ekstratilskudd for personar med funksjonshemming som kjem til kommunen som familiegjenforent.

Problematikk med søknad på nett.

Persongruppa som skal registrere sin søknad på nett er stor. Ein stor del av dei treng hjelp til dette - kven tar denne utfordringa? I denne prosessen treng ein også skrivar .

Uavklara identitet / misser sitt opphaldsløyve

Ekstra problemstillingar ved personar som ikkje kan bekrefte sin identitet , m.a manglande konto , ingen legitimasjon og alt det medfører (adresseregistrering på posten, flyreise , telefon / internett etc) Dette er også problem for dei som må vente på svar på søknad om reisebevis. (dette kan ta 8 – 9 mnd)

Introstonad

Introstonad for dei under 25 år bør vera likestilt med dei over 25 år. Ser at i dei fleste tilfeller må ein søke om supplerande frå dag ein til dei under 25 år. Dersom unntak - dersom ein kjem med foreldre.

Innvandring / kva som vert godkjent som legitimasjon

Søknad om personnummer

NIR

Problem med innlogging

Manglande opplæring for bruk av systemet / forståelse for sammenhengen

Rapportering / synkronisering Feilmeldingar

Jorunn

